

Styremøte Sogn og Fjordane Sau og Geit, Gloppen Hotell 27.03.08

Desse møtte: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Margaret Skåre, Tom Idar Kvam, Lars Olav Vanberg og Eli Berge Ness. I tillegg deltok Kjellfrid Støylen på møtet.

Sak 08/08 Referat og meldingar

- Representantskapsmøte NSG 12. og 13. mars. Halvar møtte. Tema var økonomien i NSG, jordbrukstingingane og rovviltsituasjonen. I tillegg hadde rådgjever beitebruk, Ragnhild Vikesland, drøfta utspelet om ein folkeaksjon for sau med Halvar.
- Rovviltmøte, Sogndal. Tom Idar møtte for eige sankelag og for SFSG.

Oppsummering sensongen 2007, førebuing sesong 2008.

Brev frå Mattilsynet om uttak.

Problemstillingar rundt kongeørn, både kva som eigentleg er meint når det gjeld bestandsmål og registreringar.

Talet på jerv er aukande. Jerv på Strynefjellet gjennom vinteren, dokumenterte jervespor i Jostedalen og Veitastrand, minst tre jervar i Offerdalsfjella. Det er samla avføring som skal sendast inn til analyse fleire stader.

Fare for beitenekt i Årdal

Næringa og Mattilsynet går saman om brev til DN der ein gjer greie for kor alvorleg situasjonen er i Sogn.

Infoplakatane om rovdyr laga av elevar på Sogn Jord- og hagebruksskule vart presenterte. Tilbod om plakatar må gå ut til alle sankelag før beitesesongen startar. Tilbakemelding på at det bør oppsetjast ein lokal person i tillegg til SNO-kontakt med telefonnr, då det kanskje er lettare å melde frå til nokon ein kjenner. Dette vil seie at kvart beitelag bør sende inn tinging, der ein også set opp rette opplysningar og opplyser kor mange laminerte plakatar ein vil tinge.

- Det har vore oppsummeringsmøte for fjell-lamgruppa. Det skal gå ut eit orienteringsskriv frå gruppa når ein ser resultata av satsinga sist år.
- Presentasjon av dei tre søkjarkommunane Eidsdal, Aurland og Stryn i høve etablering av nasjonalt geitesenter. Møte på Skei 25. 03.08. Gode presentasjonar, arbeidsgruppa må ha nytt møte for å ta stilling til kvar senteret bør plasserast.
- Styret gratulerte Margaret med dagen.

Sak 09/08 Val av skrivar

Skrivar skal veljast kvart år.

Vedtak: Eli Berge Ness blir skrivar arbeidsåret 2008.

Sak 10/08 Kontaktperson rovvilt

Auka tal på rovvilt i fylket gjer dette arbeidet til ei svært viktig oppgåve. Det må prioriterast så høgt at ein person i styret har dette som hovudarbeidsområde

Vedtak: Tom Idar Kvam blir kontaktperson rovvilt i SFSG arbeidsåret 2008.

Sak 11/08 Nytt avlsutval geit

Avlsutval geit skal utnemnast annakvart år, SFSG skal velje ein representant for næringa og ein frå fylkesstyret. Det er utsendt informasjon om dette til alle bukkeringane i fylket, der ein har bede om innspel til kandidatar. 2006 var siste året Fylkesmannen var med i avlsutvalet.

Siste året har utvalet vore samansett slik:

Noralf Høydal, Kvammen, leiar

Margaret Skåre, repr. SFSG

Helga Kvamsås, Tine Vest

Bjarne Vamråk, Bjordal, 1. vara

Frå Breim bukkering har det kome framlegg om at ein kan utvide utvalet med ein person, slik at næringa har to representantar. Dette har Halvar diskutert med utvalet. Dei meiner arbeidsmengda ikkje tilseier at dei treng å vere fleire personar.

Det vil bli omleggingar av systemet frå sentralt hald komande år. Ein ser det som fornuftig å vente med å velje nytt utval til ein ser korleis dette blir.

Vedtak: Avlsutval geit vil ha same samansetjing i 2008 som sist arbeidsår. Det vil bli val komande år i samsvar med nye retningslinjer.

Sak 12/08 Arbeidsplan 2008

Arbeidsplan for SFSG vart vedteke under årsmøtet i Loen i februar. Ansvar for dei ulike oppgåvene bør fordelast mellom alle i styret.

- Felles møte mellom styret i SFSG og prosjektleiarane i Geit i Vekst og Framtidsretta sauehald. Både Kjellfrid Støylen og Ola Søgnesand var med på synfaringar i Kandalen onsdag 26.08. I samband med middagen etterpå, var også Jo Helge Sunde, Storfe- og mjølkeprosjekt i Sogn og Fjordane og Sunnmøre med for at prosjektleiarane skulle få utveksle erfaringar og evn. sjå om det var ting dei kunne tene på å samarbeide om. Dei kom fram til at det kunne vere interessant å sjå på fellesmøte med kombinasjonsbruk som tema rundt om i fylket.
- Markdag. Forsøksringane har teke kontakt med tanke på samarbeid om slike dagar, det er snakk om to ulike dagar. Kjellfrid Støylen bør også koblast til planlegging av dette. Leif tek ansvar for oppfølging av dette. Han tek kontakt med Astrid Sandvik med tanke på samordning . SFSG ønskjer å få lagt ein av desse dagane til Askvoll for å sjå dei mobile sankekviene i bruk. Forsøksringane har allereie avtale med Yngve Rekdal om markdag i Stardalen.
- NM gjetarhund. Margaret sit i arrangørnemnda, ho blir også SFSG sin kontaktperson her. Skal gje resten av fylkestyret tilbakemelding på kva slags innsats som blir venta av oss i samband med arrangementet.
- Småfesamling. Eli tek ansvar for dette. Blir truleg i oktober. Satsar på ein felles økologisk del, men resten av samlinga bør ein vurdere å dele i to, ein del for sau og ein for geit.
- Leiarsamling med fagtur i veke 44. Halvar, Kjellfrid og Lars Olav tek ansvar for opplegg og program.
- Verving sauekontrollen. Tom Idar og Leif tek ansvar for dette for SFSG, i samarbeid med Nortura og avlsutval sau.

Sak 13/08 Folkeaksjon for sau

Etter utspel frå Joar Dvergsdal i Firda har Halvar vore i kontakt med han med tanke på oppfølging av saka. Dvergsdal hadde lova å ta kontakt med presisering av kva som ligg av konkrete planar bak dette utspelet, men dette kom ikkje til styremøtet.

Vedtak: SFSG vil vurdere på kva slags måte vi skal samarbeide om denne saka når Dvergsdal kjem med konkrete planer for aksjonen.

Sak 14/08 Ymse

- Det blir no oppretta link frå NSG-sidene til fylkeslagssider. Dei i fylkeslaget som får i oppgåve å legge inn stoff på desse sidene, vil få eige passord slik at det blir lett å gå inn på.
- Web-versjon av sauekontrollen er no på plass.
- Nye skjema for reiserekningar. Ragnhild vil gjerne ha dei inn fire gonger i året, dvs. kvartalsvis.
- Ny forskrift for rovvilt ut på høyring.
- Retningsliner for tildeling av heidersdiplom for medlemmar av lokallag. Bør utarbeidast og vedtakast av styret i god tid før leiarsamlinga.
- Retningsliner for tildeling av BU-midlar, Innovasjon. Det er etter kvart fleire som vil satse i saueneringa, og det gjer at det er fleire som søker om tilskot til ombygging og nybygg. SFSG bør setje seg skikkeleg inn i regelverket her. Eli tek den oppgåva.
- Synfaring i driftsbygningen til Jan Atle og Mariann Rauset etter møteslutt. Morten Rygg vil også delta og seie litt om Gloppen Sau og Geit.

Møtet slutt 11.30

Ref. E.B.N.